


# PINSEFESTTID

Ein salme av Arnold Hallèn.

Melodi og arrangement av Trond Fykse 2001.


G D/F# Em7 A7 D

Soprano




Det syng gjen - nom lund ar i vår fris ke skrud når

C G/B Am9 D G D/F#



li vet det stund ar å mø te sin Gud. Sjå vak - nan - de liv et ved

Em7 A7 D C G/B Am D7 G



pin se fest tid det Her ren har gi ve kan løy sa vår strid.

2. Det under som strøymer  
i frostkalde barm,  
er ljuset som fløymer  
så signande varmt.

Som skinande tåre  
på doggvåte strå  
er sjela når klåre  
ho orda kan få.

3. Guds ande kan gjeva  
ein spirande gror  
til den som vil leva  
av Skaparens ord.

Sjå krossen som frelsar  
vår levande von.  
Sjå livet som helsar  
Guds evige son.